



Pro Invenia As
Vikelvaret 12
7054 Ranheim

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/416 - 23/4760

Sakshandsamar:
Merethe Svarstad
merethe.svarstad@fedje.kommune.no

Dato:
25.09.2023

Byggesak GBNR <168/274> <Kalvedalen> <Forespørsel om fritak fra byggesaksbehandling

Eigedom: Gnr. 168, Bnr. 274 og 102 i Fedje kommune
Adresse: Stormarkvegen 53 og Kalvedalen 6, 5947 Fedje
Tiltakshavar: Telenor Infra AS
Tiltaket: Tre nye antenner med radiomodular på eksisterande mast på ca 18 meters høgde, samt nytt utomhus skap for teknisk utstyr/straum ved Kalvedalen 6. Det vert plassert ein mellombels basestasjon i ei mobilvogn ved kommunehuset til tiltaket er plassert (maksimalt tre månader).

1. SØKNADEN OMFATTAR:

Det er søkt om fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g. Søknaden kom inn til kommunen 06.09.2023.

2. KOMMUNEN SI VURDERING

Det vert med delegert mynde og med heimel i Plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g gjeve fritak frå søknadsplikt for tiltaka.

3. GRUNNGJEVING

3.1 Planstatus

Tiltaket fell inn under følgande planar:

Reguleringsplan

Reguleringsplan Kalvedalen

Arealføremålet er offentleg friområde (der det er eksisterande mast), Offentleg/allmennyttig og offentleg bygg-administrativt bygg (der utomhus skap skal stå).

Tiltaka er i tråd med arealføremåla.

Kommuneplan

Kommuneplanens Arealdel 2012-2024, plan-id.: 1265-201201

Arealføremålet er bygningar og anlegg.

Tiltaka er i tråd med arealføremålet.

3.2 Plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g

Plan og bygningslova § 20-5 fyrste ledd bokstav g gjeld «andre mindre tiltak som kommunen finn grunn til å frita frå søknadsplikten». Unntaka i bokstav a-f er ikkje uttømmende. Føresegna gjev kommunen høve til å nytta skjønn til å gje fritak til eit mindre tiltak frå søknadsplikt ut frå ein konkret vurdering i kvart enkelt høve. I denne vurderinga vert det lagt særleg vekt på utforminga og plasseringa av tiltaket samt forholda til omgjevnaden. Det skal takast omsyn til estetikk og sjenanse for naboar og gjenbuarar. Tiltaket må i alle høve vera av mindre storleik, då det framkjem direkte av ordlyden i bokstav g.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementets uttale 17. september 2015 (TUDEP-2014-1518-7) er det uttalt at føresegna tar sikte på «mindre, tilsvarende tiltak som ikke er nevnt eller som i mindre grad avviker fra forutsetningene for unntak som nevnt i [byggesaksforskriften] § 4-1».

Fedje kommune som er eigar av eigedomane der tiltaka vert plasserte har gjeve løyve til dette.

Det vil ikkje påverka naboane at det vert sett opp fleire installasjonar i eksisterande mast og at det vert sett opp eit utomhus skap for straum og utstyr. Masta er plassert eit godt stykke frå bustadar. Vidare er det mindre tiltak det vert søkt om fritak for. Tiltaket er positivt for Fedje sidan det bidreg til betre dekning på øya.

Etter ei konkret vurdering gjev difor kommunen fritak frå søknadsplikt.

Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med dei krav som elles fylgjer av føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Med helsing

Merethe Svarstad
Byggesakshandsamar

Tlfnr: 48173241

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Telenor Infra As	Postboks 800	1331	Fornebu
------------------	--------------	------	---------

Mottakarar:

Pro Invenia As	Vikelvfaret 12	7054	Ranheim
----------------	----------------	------	---------